

LOP ATINI

avisa til Norges kommunistiske studentforbund i Bergen

SEMESTERSTART

I NKS

WIEU
28/2



- Afghanistan / Palestina / Latin Amerika - hvorfor skjer det?
- Freds- og Forsvarspolitik
- Mot husleiestigning, veggslus og ny lånekasseordning.
- Debatt om sosialisme, stat, klasseforhold.
- Studiesirkler i marxistisk teori og politikk.
- Kvinnepolitikk, kvinneundertrykking og kampen mot den.

Velkommen til nytt semester, og velkommen til nye dager med en urolig verden, med lesing-eksamen og trange kår, med motstand mot faglig og økonomisk press, med 8.marsstog, - men også forhåpentligvis avkobling, skiturer og nattjazz.

Denne folderen er til deg som ikke synes det holder å være passiv student, som ikke lar ikke lar myrderier av fattigfolk i Afghanistan, Palestina og El Salvador passere uten motreaksjon. Til deg som aktivt vil bekjempe forsøkene på å gjøre heltidsstudier til noe som bare er til for rikfolk, og til deg som vil aktivisere deg mot kvinneundertrykking både i pornoen og på andre felter.

NKS i Bergen er det eneste organiserte miljøet for aktive, opposisjonelle studenter. Vi er den eneste organisasjonen som prøver å få fram sammenhengen i det som skjer i verden, og som derfor er opptatt ikke bare av å bekjempe undertrykking og urettferdighet, men av å erstatte den nåværende samfunnsformen med noe nytt. I vår vil vi både drive solidaritetsarbeid, studentpolitisk arbeid, men også ha tilbud om politisk skoleing, debatt og innføring i marxistisk og sosialistisk politikk for alle interesserte.

Interessert? Kontakt oss - og les videre:

PRØV NOKO NYTT



Myta om studentane som snyltarar og parasittar som lever høgt på billege lån og stipend er etterkvart blitt uthola. Alle veit og ser at studentane ikkje er noko unnatak når det er innstramningar og nedskjæringer på ulike områder.

Visste du at berre iløpe av dei siste 5 åra er renta på studielån stige frå 6% til 11,5 %. At fleirtalet av studentane på fleire av lærestadane arbeider ved sidan av studia for å få endane til å møtast. Igjen står du framfor ein semesterstart. Skål det bli eit nytt semester med berre fag og atter fag? Det er i så fall den sikraste måten å sørge for at den dårlege utviklinga for oss kjem til å halda fram. Det er altfor mange som glir gjennom studietida utan tanke for anna enn faget. Bli med å få ei endring på dette!!

BLI MED I NKS



Norges Kommunistiske Studentforbund (NKS) er ein organisasjon som heile tida har kjempa konsekvent mot forverringar av studentane sine kår. Vi arbeider i studentpolitiske organisasjonar som t.d. Studenttinget og Norsk Studentunion. Samstundes som vi kjempar mot forverringar, er vi klar over at så lenge det kapitalistiske systemet rår er det ikkje mogeleg med varige betringar av våre kår. Velferda til folk flest under kapitalismen er bestemte av konjunkturane i økonomien. Det vi kjempar for og treng er sosialismen som kan sikra velferden til folk.

KAMP MOT SUPERMAKTENE

Sjølvom vi er ein studentorganisasjon, er situasjonen rundt om i verda ikkje uviktig for oss. Vi driv aktivt anti-imperialistisk arbeid gjennom ulik frontar som t.d. Afghanistan-komiteen og Palestina-komiteen. Synes du at studentpolitikk høyrer kjedelig ut, men at USA si framferd i Mellom-Amerika er for jævlig og Sovjet si framferd i Afghanistan er verre (eller omvendt), er NKS framleis noko for deg. Skål USA og Sovjet verte hindra i å halde fram med krigar og overfall på andre land, må vi støtt dei som direkte kjempar mot supermaktene.

Dette er etter vår meining den beste måten å drive fredsarbeid på. Solidaritetsarbeid er fredsarbeid!!!

... ER FREDsarBEID
OG ANTI-IMPERIALISME
EITT OG DET SAHE...



KVINNEKAMPEN TRENG DEG

Dette er eit anna område vi prioriterar svært høgt å arbeide med.

Kvinna si stilling i samfunnet er på papiret blitt framifrå mot kva den var. Men vi veit at dobbeltarbeid, nedverding gjen nom porno, lønnsforskjellar osv, er kvinna sin kvardag no som før.

NKS støt arbeidet for full kvinnefrigjering, ikkje berre på papiret men reellt. Bli med å gjer noko for å nå dette målet. Kvinnefrigjering gjer seg ikkje sjølv.



NKS OG SOSIALISMEN

Vi har ofte blitt kalla ein gjeng med stalinistar. Udemokratiske, totalitære, er ord som vert brukt. Men slik er det ikkje. Vi i NKS er opptekne av studiar og teoriar om kapitalismen og sosialismen.

Du kjenner sikkert mange dømer på styresett der sosialismen har degenerert og overgrep mot folk skjer i stor stil. Vi kjenner mange dømer på dette og er opptekne av det.

I fleire år har det pågått ein debatt om problema i sosialismen.

Fleire grunnleggjande saker er oppe til debatt som t.d; treng ein eit fleirpartisystem under sosialismen for å sikre folk sine demokratiske rettar. Korleis sikre at arbeiderklassen har den reelle makta i staten.



**IVRIG NKS'ER
I TÆRD MED
ET GRENSE-
SPRENGENDE
INNLEGG I
DEBATTEN**

Svara på desse og andre spørsmål er opp til dei som vil vera med i denne debatten. Vil du vere med ?



ER NKS ALTERNATIVET ?

Vi er klare over at det fint går an å vere anti-imperialist, oppteken av studentpolitikk og kvinnesak utan å vere med i NKS. Kvifor då bli med i NKS ?

NKS er den einaste revolusjonære organisasjonen for studentar. Vi vil ha kapitalismen fjerna og innført sosialismen. Vi meiner at utan dette skjer vil imperialismen bestå. Kvinneundertrykkinga vil halda fram som før fordi kapitalismen er best tent med det slik.

Kampen om einskildsaker kan vere viktig nok, men vi må ikkje gløyme perspektiva.

KORT OM OSS SJØLVE

Medlemmane i NKS arbeider på mange ulike områder, alt etter kva interesser ein har. På medlemsmøta diskuterar vi politiske spørsmål og legg opp det praktiske arbeidet.

Vi vil gjere NKS til noko meir enn ein politisk reiskap. Eit godt sosialt miljø ser vi på som avgjerande for oss.

Mykke meir kan og bør seiast om NKS. Bli med å sjå sjølv. Du vil ikkje angre.



Gjør noe

HVOR FINNER DU NKS?

NKS-BOKDISK PÅ SENTERET HVER ONSDAG 11-14,
Salg av Skjønnlitteratur, marxistisk teori,
tidsskrifter, Klassekampen.

KONTAKT FOLK SOM SELGER KLASSEKAMPEN

ELLER HENVEND DEG TIL LAILA INDREBØ,
Prof.Hansteensgt.66, tlf.322518.

NKS- POSTADRESSE: Boks 50, 5014, Bergen-Univ.